
Vår referanse 2021/54545-4
Dato 15.12.2021

NORCONSULT AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Att. John Ingvald Økland

Førebels svar - Søknad om dispensasjon- Fv 5466 Fjellangersvingane - Gnr 103 bnr 48 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 24.11.2021.

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrense langs veg for oppføring av trafo på gnr 103 bnr 48 i Alver kommune.

Omsøkte eigedom er omfatta av *Kommundelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 - 2023*. Planen har eigne føresegner som omfattar byggjegrense langs veg. Dispensasjon frå byggjegrense langs veg følgjer i dette tilfellet føresegnene i plan og bygningslova. Det er difor Alver kommune som er rett mynde til å fatte vedtak om dispensasjon.

Søknaden manglar situasjonskart som viser nøyaktig plassering av trafo. Kartet bør vere i målestokk M1:500 eller M1:1000, og må vise avstand frå fylkesveg.

Vi viser og til våre merknader til nabovarsel jf. brev datert 22.11.2021.

Vestland fylkeskommune vil få høve til å uttale seg til tiltaket når det kjem på uttale frå Alver kommune. Vi har og klagerett i slike saker.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift